



# PLAN FOR EIT TRYGT OG GODT SKULEMILJØ PÅ STRANDA SKULE

*Alle barn og unge skal vere del av eit fellesskap,  
kjenne seg trygge, lære og utvikle seg*



Innhald:

Side:

3	Innleiing	17	Rutinar for å fremje eit trygt og godt skulemiljø og førebygge krenkingar
4	Mål for skulane	19	Samarbeid skule – heim
6	Definisjon krenkingar – mobbing	20	Korleis gripe inn?
7	Samarbeid	21	Når og korleis varsle?
9	Skulemiljø	22	Avdekke
10	Eleven sin rett til medverknad	23	Korleis undersøke?
11	Kva seier lova?	26	Tiltak og evaluering
12	Aktivitetsplikta	27	Klage på skulemiljøet
13	Krav om skriftleg plan for tiltak	28	Krenkinga har opphøyrt – kva no?
14	Korleis skal vi følgje med?	30	Tiltak etter at krenkinga har opphøyrt
15	I Sund skal alle skular følgje med på elevane sitt skulemiljø etter denne planen	31	Saksgang – flytskjema
16	Førebygging	33	Referansar

## **Innleiing:**

**Plan for eit trygt og godt skolemiljø** er ein viktig plan for å sikre at alle elevar har eit godt skolemiljø. Planen må sjåast i samanheng med **Strategi – og utviklingsplanen** som vart laga i 2017.

**Strategi – og utviklingsplanen** har skulen sitt psykososiale miljø som fokusområde og understrekar at skulen har ei målsetting om at alle elevar skal oppleve at dei har eit trygt og godt skolemiljø med nulltoleranse mot mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Kapittel 9A i opplæringslova skal bidra til at elevane har det trygt og godt i skulen, slik at elevane kan lære mest mogleg. Det er gjort nokre endringar i lova, og planen som blir lagt fram byggjer på desse endringane. Lova gir eleven ein individuell rett og inneholder ein framgangsmåte om korleis skulen og fylkesmannen skal handtere konkrete saker på ein god måte.

For å sikre eleven den retten han har etter lova, er skulen pålagt ei aktivitetsplikt. Føremålet med aktivitetsplikta er å sikre at skulane handlar raskt og riktig når ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen.

**Plan for eit trygt og godt skolemiljø** vert god først når den vert implementert i skulen. Det er viktig at alle tilsette får eigarskap til planen, og at planen vert brukt som ein ressurs både i det førebyggjande arbeidet og når ein har konkrete saker som må handterast raskt og fagleg forsvarleg.

Det er lagt opp til ein årleg evaluering av planen. Det er fastsett i skulen sitt årshjul.

Svein-Ove Hammersland

rektor

Mål for Stranda skule:

*Alle barn og unge skal vere del av  
eit fellesskap,  
kjenne seg trygge, lære og utvikle  
seg*

Eit trygt og godt skolemiljø er avhengig av at fleire partar arbeider saman. Skulen, elevane og foreldra må samarbeide for at ein skal nå målet om eit inkluderande oppvekstmiljø der alle er ein del av fellesskapet og kjenner seg trygge.



## Skuleeigar skal:

- Legge til rette for samarbeid mellom skular og mellom skular og barnehagar.
- Sørgje for eit godt og systematisk samarbeid mellom skule, PPT, skulehelsesteneste og andre.
- Saman med PPT hjelpe skulane å ivareta elevar med særskilde behov.

## REKTOR

## Skuleleiinga skal:

- Samarbeide tett med foreldra i dei ulike utvala for å utvikle skule – heim samarbeidet.
- Prioritere elevrådsarbeidet.
- Jobbe for positive relasjonar på alle nivå.
- Sørgje for eit godt og systematisk samarbeid med PPT, skulehelsetenesta og andre.
- Ivareta elevar med særskilde behov i samarbeid med PPT, skulehelsetenesta og andre.



## Lærarar skal:

- Ta ansvar for læringsmiljøet i og utanfor klasserommet.
- Drive god klasseleiing.
- Etablere positive relasjonar til kvar einskild elev og mellom elevar.
- Vere interessert i og følgje opp elevane si faglege utvikling.
- Samarbeide tett med foreldra.
- Bruke varierte arbeidsmetodar.



## Andre tilsette skal:

- Etablere positive relasjonar til kvar einskild elev.
- Leggje til rette for – og delta aktivt i all aktivitet kring elevane.
- Hjelpe til i det praktiske og pedagogiske arbeidet
- Delta aktivt i praktisk tilrettelegging og vere tett på i gjennomføring av planlagde aktivitetar og arrangement.



## Elevane skal:

- Ta medansvar, delta og vere inkluderande
- Bidra til eit godt miljø der elevane har respekt for ulikskap.
- Bidra til eit godt læringsmiljø der det er lov å vere god.
- Varsle dersom ein ser at andre elevar ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.
- Utnytte sitt eige potensiale



## Foreldra skal:

- Ha forventningar til, vise interesse for og støtte elevane sitt læringsarbeid.
- Ha forventningar til barnet sitt bidrag til læringsmiljøet.
- Bidra aktivt til å gje barnet positive haldningar til skulen, lærarar, medelevar og deira føresette.
- Kontakte skulen dersom barnet ikkje trivst.
- Bli kjent med vaksne og barn på skulen og delta aktivt i sosiale arrangement.
- Samarbeide med andre føresette om elevane sin trivsel

Krenkingar er ord eller handlingar som barn eller unge opplever som sårande og støtande for sin verdigheit og integritet, eller som gjer at dei føler seg ekskludert frå eit fellesskap.

Krenkingar har ulike formar, til dømes :

**Fysiske**— å bli dytta, slått, sparka, kasta stein på

**Verbale**— truslar, kommentarar

**Indirekte**— baksnakking, utsett for negativt kroppsspråk/ gestar, utestenging

**Digitale** — truslar, spreiling av biletar, kommentarar på sosiale media

**Passiv deltaking**— å sjå på utan å gripe inn

## Skulen skal ha nulltoleranse mot krenkingar

### KRENKINGAR

slag - baksnakking - kommentarar -truslar -blikk

- gjentekne gangar

- over tid

- ujamt styrkeforhold

Krenkingar blir mobbing når åtferda kjem frå ein eller fleire og er retta mot ein som har vanskeleg med å forsvare seg. Det kan vere utestenging, truslar, spreiling av løgner, negative kommentarar og fysiske krenkingar.

Der er mobbing når :

- Ein blir utsett for negative hendingar frå ein eller fleire
- Hendingane skjer over tid
- Det er eit ujamt styrkeforhold mellom den som plagar og den som blir plaga.

## MOBBING

# Samarbeid

**Det er fleire instansar som har ansvar for oppveksten og opplæringa til elevane, og alle har eit felles mål om at arbeidet skal vere til det beste for elevane.**

## PP– tenesta

Pedagogisk- psykologisk teneste,

PP- tenesta, skal hjelpe barn, ungdom og vaksne med særlege behov eller som strevar med utviklinga.

PP-tenesta hjelper barnehagar og skular med kompetanse- og organisasjonsutvikling slik at dei er betre i stand til å inkludere det einskilde barn i fellesskapet.

PP– tenesta skal hjelpe barnehagar og skular med utviklingsarbeid. Dette skjer mellom anna gjennom kontaktmøte, kurs/foredrag, konsultasjon eller direkte rådgjeving.

- bidra med informasjon/helseopplysning på foreldremøte i den grad skulen ønskjer det.
- i samarbeid med skulen, bidra til å følgje opp elevar som har eit fråvær som skapar grunn til uro.
- av artikkel 24 i Barnekonvensjonen «Rett til naudsynt helsehjelp» har skulehelsetenesta eit ansvar for å sjå til at denne retten blir oppfylt når ein elev opplever å bli utsett for mobbing.

## Skulehelsetenesta

Skulehelsetenesta skal bidra til å sikre barn og ungdom eit godt oppvekstmiljø. Tenesta skal samarbeide med foreldre, rektor og lærarar for å skape ein helsefremjande skule med fokus på helse, trivsel og tryggleik for elevane.

Formålet med helsestasjon- og skulehelsetenesta er å fremje psykisk og fysisk helse, fremje gode sosiale og miljømessige tilhøve og førebyggje sjukdom og skade.

Skulehelsetenesta skal i samarbeid med skulen ha eit særleg fokus på:

- fremje eit godt psykososialt miljø
- førebyggje mistrivsel, mobbing og psykiske plager blant barn og unge gjennom universelle, gruppe- og individretta tiltak.

## **Elevrådet**

Arbeidet i elevrådet er viktig for å skape eit godt og trygt skolemiljø, og alle skulane i Sund har eit elevråd. Elevrådet fremjar fellesinteressene til elevane på skulen og representantane er gode rollemodellar for medelevane.



## **FAU**

Foreldra har rett til medverknad i skulen. Alle foreldre som har barn i skulen, er medlemmer av skulen sitt foreldreråd. Foreldrerådet vel eit arbeidsutval (FAU), som er ”foreldrestemma” overfor skulen. FAU bidreg til at samarbeidet mellom heim og skule er godt.

### Oppgåver for FAU:

- Vere ein informasjonskanal ut til alle foreldre
- Jobbe for eit trygt og godt læringsmiljø. Trivsel er viktig i barna si læring.
- Ta initiativ til sosiale aktivitetar for elevene.
- Samarbeide med skulen om foreldremøte.

### FAU samarbeider med:

- elevrådet
- skulen si leiing og tilsette
- Samarbeidsutvalet (SU)/ Skudemiljøutvalet (SMU).

### **SU/SMU:**

SU og SMU skal medverke til at skulen, dei tilsette, elevane og foreldra tek aktivt del i arbeidet for å skape eit godt og trygt skudemiljø.

# Skulemiljø

## Kjenneteikn på eit godt skulemiljø:

- Skulen har ei god leiing som arbeider kontinuerleg med å forbetra ulike sider ved læringsmiljøet, og har gode rutinar i arbeidet for eit godt og trygt skulemiljø.
- Skulen har utvikla klasseleiing som er prega av gode relasjonar mellom lærar og elev.
- Skulen har positive relasjonar mellom elevene og etablert ein god kultur for læring.
- Skulen har gode relasjonar til foreldra og eit godt samarbeid med dei.

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø, fritt for krenkingar og som fremjar helse, trivsel og læring.

Retten skal tolkast vidt. Det som er avgjerande er korleis eleven opplever det å vere på skulen.

Sjølv om årsaka til opplevinga av utryggheit, einsemd, mistriksel o. l. ligg utanfor skulen, avgrensar det ikkje skulen si aktivitetsplikt.

Aktivitetsplikta gjeld så lenge eleven opplever at skulemiljøet vert negativt prega av det.

- Respekt for alle
- Tryggleik for alle
- Verdighet for alle
- Forståing for kvarandre
- Nulltoleranse mot krenkande åfjerd

# Eleven sin rett til medverknad

Barn sin rett til medverknad i saker som gjeld dei og omsynet til barnet sitt beste følgjer av Grunnlova § 104 og Barnekonvensjonen artikkel 3.

Opplæringslova § 9A skal tolkast i samsvar med Barnekonvensjonen. Det følgjer mellom anna av Opplæringslova § 9A-4 at skulen skal sørge for at involverte elevar blir høyrd, og at eleven sitt beste skal vere eit grunnleggjande omsyn i skulen sitt arbeid. Dette gjeld både i samband med plikta til å følgje med, undersøke og sette inn tiltak (aktivitetsplikta).

Dersom Opplæringslova er i strid med Barnekonvensjonen har Barnekonvensjonen forrang.

Kva for elevar som skal bli involverte og korleis involveringa skal skje, må ein ta stilling til i det konkrete tilfellet.

Retten til å bli høyrd og til å medverke i saker som gjeld seg sjølv gjeld for alle elevar. Elevar som vert mistenkte for, eller har krenka andre elevar, skal ha same rettsvern og rett til å bli høyrde som offeret for krenkingane.



# Kva seier lova?

Opplæringslova og forskrift om miljøretta helsevern stiller klare forventingar til skulen si plikt til å skape eit trygt og godt skolemiljø. Rektor har ansvar for at det vert arbeida kontinuerleg og systematisk for å fremje helse, trivsel og læring for elevane.

Det er nulltoleranse mot krenkingar som mobbing, vald, diskriminering og trakassering i Opplæringslova. Det er eleven si oppleving av skolemiljøet som er avgjerande og eleven skal alltid bli høyrd i dei tilfella skolemiljøet ikkje vert opplevd som trygt og godt.

Reglane i Opplæringslova kap.9A gjeld:

- ✓ Skuletida
- ✓ Leksehjelpsordninga
- ✓ SFO
- ✓ Til og frå skulen

Reglane gjeld også når skulen, SFO og leksehjelpsordninga har aktivitetar utanfor skulen sitt område eller blir driven i lokale utanfor skulen sitt område.

## OPPLÆRINGSLOVA

### § 9A-2 Retten til eit trygt og godt skolemiljø

«Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring».

### §9A-3 Nulltoleranse og systematisk arbeid

«Skolen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Skolen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitlet blir oppfylte. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort».

### §9A-4 Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø

Alle som arbeider på skolen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg. Alle som arbeider på skolen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Rektor skal varsle skoleeigaren i alvorlege tilfelle. Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal skolen snarast undersøke saka. Når ein elev seier at skolemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skolen så langt det finst eigna tiltak sørge for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Skolen skal sørge for at involverte elevar blir høyrd. Kva som er best for elevane skal vere eit grunnleggjande omsyn i skolen sitt arbeid. Skolen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå a) kva problem tiltaka skal løyse b) kva tiltak skolen har planlagt c) når tiltaka skal gjennomførast d) kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka e) når tiltaka skal evaluerast. Skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd.

### § 9 A-5 Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skolen, krenker ein elev

Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skolen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, skal vedkommande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skoleeigaren. Dersom det er ein i leiinga ved skolen som står bak krenkinga, skal skoleeigaren varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga. Undersøking og tiltak etter § 9 A-4 tredje og fjerde ledd skal setjast i verk straks.

## FORSKRIFT OM MILJØRETTA HELSEVERN

### §12 Psykososiale forhold

Verksemda skal fremje trivsel og gode psykososiale forhold

# Aktivitetsplikta

## Aktivitetsplikta - ei plikt til å:

- ✓ Følgje med
- ✓ Gripe inn
- ✓ Varsle
- ✓ Undersøke saka
- ✓ Setje inn tiltak

**Alle som arbeider på skulen har etter Opplæringslova §9A– 4 ei lovfesta aktivitetsplikt i arbeidet med å avdekke og stoppe krenkingar. Aktivitetsplikta gjeld for alle tilsette i skulen og i tillegg dei som oppheld seg jamleg på skulen.**

**Følgje med:** Alle som arbeider på skulen har plikt til å følgje med på korleis elevane er mot kvarandre, og korleis dei har det på skulen. At dei tilsette følgjer med er naudsynt for å kunne fatte mistanke om og få kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

**Gripe inn:** Alle som arbeider på skulen har plikt til å gripe inn straks mot krenkingar dersom det er mogleg.

**Varsle:** Alle som arbeider på skulen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

**Undersøke saka:** Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal skulen snarast undersøkje saka.

**Setje inn tiltak:** Når ein elev eller foreldre seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skulen så langt det finst eigna tiltak, sørge for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Det same gjeld når observasjon eller undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

# Krav om skriftleg plan for tiltak

**Skulen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak.**

**Planen skal innehalde:**

- a) kva problem tiltaka skal løyse*
- b) kva tiltak skulen har planlagt*
- c) når tiltaka skal gjennomførast*
- d) kven som er ansvarleg for gjennomføringa*
- e) når tiltaka skal evaluera*

**Skulen må dokumentere kva som vert gjort i den konkrete saka for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd:**

- korleis skulen har gjennomført planen
- utfall av evalueringa og vidare oppfølging

# Korleis skal vi følgje med?



Dei tilsette har ei plikt til å følgje med på korleis elevane er mot kvarandre og korleis dei har det på skulen. At dei tilsette følgjer med er naudsynt for å kunne fatte mistanke om og kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.

Plikta til å følgje med må sjåast i samanheng med skulen si plikt til å drive eit systematisk arbeid for å førebyggje og avdekke om elevar ikkje har det trygt og godt på skulen.

For å kunne oppdage mobbing og krenkingar, må den vaksne vere til stades i barn og unge sin leik og samhandling.

## På Stranda skule skal alle følgje med på elevane sitt skudemiljø etter denne planen:

Form for kartlegging	Når	Ansvar for oppfølging
*Vakt og tilsynsordningar med tydeleg ansvarsbeskriving.	Kvar dag	Rektor/ tilsette
Trinnet sitt sosiale miljø er tema på teammøte/trinnmøte.	Kvar veke	Kontaktlærar/avdelingsleiar
Trinnet sitt sosiale miljø er tema på møter i SFO.	Kvar veke	Avdelingsleiar
Klassemiljøundersøking (* <a href="#">sosiogram</a> , elevundersøking, <a href="#">klassetrivsel.no</a> o.l.)  Kontaktlærar rapporterer funn til rektor. Rektor avgjer vidare oppfølging.	Haust og vår	Kontaktlærar/rektor
Elevane sitt sosiale miljø er tema når ein går gjennom alle elevane i klassen minst to gongar i skuleåret.	Haust og vår	Kontaktlærar/ avdelingsleiar
* <u>Elevsamtal</u> minst to gongar i skuleåret. Kontaktlærar rapporterer funn til rektor. Rektor avgjer vidare oppfølging.	Haust og vår	Kontaktlærar/rektor
* <u>Utviklingssamtalar</u> to gongar i skuleåret, der elevane svarar på spørsmål om trivsel, krenkingar og mobbing.  Kontaktlærar rapporterer funn til rektor. Rektor avgjer vidare oppfølging.	Haust og vår	Kontaktlærar/rektor
Elevundersøkinga vert gjennomført for alle elevar på 5. – 10. trinn. Resultata vert analysert i leiargruppa, med dei tilsette, i team/ trinn, i elevråd og SU/SMU.	Haust	Rektor/kontaktlærar
Elevrådet tematiserer trivsel, krenkingar og mobbing som felles tema minst to gongar i året.	Haust og vår	Leiar elevrådet
Trinnet sitt sosiale miljø er tema på foreldremøte to gongar i året.	Haust og vår	Kontaktlærar/avdelingsleiar

(\*sjå Ressursbank)

# Førebygging

Førebyggande arbeid mot krenkingar handlar om å minske risikoen for at krenkingar skal skje. Eit trygt og godt skulemiljø, eit godt læringsmiljø og gode relasjonar elevane imellom og mellom elevar og tilsette førebygger mobbing.

Alle som arbeider på skulen må vere kjent med kva krenkingar er. Dei må følgje med på risikofaktorar i skulemiljøet og kunne kjenne igjen teikn på krenkingar, t.d. mobbing, vald, diskriminering, trakassering og utestenging.

Ein må ha gode rutinar for elevsamtaletar, kartlegging og observasjon for å sikre at skulen har vaksne som observerer og fangar opp negative åtferdsmönstre og krenkingar før den negative åtferda får etablert seg. Gode inspeksjonssystem med tydeleg ansvarsbeskriving har god førebyggande effekt.

**Vaksne som ser, spør og bryr seg,  
har større sjanse for å finne ut  
om noko er gale.**



## Rutinar for å fremje eit trygt og godt skulemiljø og førebygge krenkingar :

Oppgåve	Tidspunkt	Ansvar
Skulen har ein plan med tydelege mål og eit årshjul for arbeidet med skulemiljøet. Planen skal ta utgangspunkt i ”Plan for eit trygt og godt skulemiljø på Stranda skule”. I dette arbeidet må ein gjere seg nytte av kompetanse frå andre tenester i kommunen, til dømes PPT, helse, barnevern og Ungdomskontoret.		Rektor
Opplæring og informasjon til alle tilsette om : <input type="checkbox"/> Skulen sitt ordensreglement <input type="checkbox"/> «Plan for eit trygt og godt skulemiljø på Stranda skule»	Felles planleggingsdag ved skulestart	Rektor
Alle dei tilsette på skulen skal drøfte skulen sitt syn på : <input type="checkbox"/> Kva kjenneteiknar eit godt skulemiljø? <input type="checkbox"/> Kvar går grensa for å gripe inn? <input type="checkbox"/> Når skal ein varsle leiinga ved skulen?	Ved skulestart	Rektor
Alle foreldre vert gjort kjend med ordensreglementet, «skule – heimsamarbeid på skulen», og skal skrive under på at dei har lese dokumenta (sjå samtykkeskjema*).	Ved skulestart	Rektor/ avd.leiar
SU/SMU vert gjort kjend med ordensreglementet og ”Plan for eit trygt og godt skulemiljø på Stranda skule”.	Ved skulestart	Rektor
Alle elevar veit kva som kjenneteiknar krenkande åtferd, er godt kjende med innhaldet i ”Plan for eit trygt og godt skulemiljø på Stranda skule” og korleis dei kan melde frå om mobbing.	Ved skulestart	Rektor
Fokus på at vaksne skapar vennskap	Tidleg på hausten	Rektor/ avd. leiar
Tiltak og aktivitetar knytt til elevane sitt skulemiljø vert drøfta i elevrådet.	Fleire gongar i semesteret	Elevrådskontakt
Elevundersøkinga vert gjennomgått i leiargruppa, med dei tilsette, i elevrådet, FAU og SU/SMU.	Kvar haust/vinter	Rektor

Kontaktlærar rapporterer funn frå utviklingssamtalane. Alle involverte partar drøfter tiltak for oppfølging og evaluering.	Haust og vår	Kontaktlærar/avdelingsleiar/rektor
Evaluering av skulen sin plan og arbeidet med å fremje eit trygt og godt skulemiljø.	Vår	Rektor
Evaluering av skulen sitt arbeid med å fremje eit trygt og godt skulemiljø i elevråd, FAU og SU/SMU.	Vår	Rektor
Internkontroll	Kontinuerleg	Rektor

(\*sjå Ressursbank)

# Samarbeid skule– heim

I samarbeidet mellom skule og heim er det skulen som har ansvar for kvaliteten i samarbeidet.

Skulen skal halde t.d. SU, SMU, FAU, elevrådet og foreldrerådet orientert om tilhøve som er vesentleg for skulemiljøet.

Dei ulike organa har rett til å uttale seg og komme med framlegg i saker som er viktig for skulemiljøet.

Eit godt samarbeid mellom skule og heim, der foreldra har ei aktiv rolle, har stor verdi for elevane.

Det kan mellom anna bidra til :

- betre læringsutbytte
- betre sjølvregulering
- betre trivsel
- betre arbeidsvanar
- færre åtferdsproblem,
- gode relasjoner til medelevar og lærarar
- betre leksevanar og arbeidsinnsats

- ei meir positiv haldning til skulen

Eit godt samarbeid vil også vere positivt for foreldra. Dei blir betre kjent med læraren, får meir informasjon om undervisninga og tilhøve knytt til barna si læring. Dei blir også betre i stand til å støtte barnet sin læringsprosess.

Gjennom foreldresamarbeidet vil læraren få betre innsikt i eleven sine behov og fungering, og kan støtte eleven på ein meir tilpassa måte i skulekvardagen.

Skulen har ei lovfesta plikt til å gje elevar og foreldre informasjon om rettane etter kapittel 9A i Opplæringslova. Informasjonsplikta sikrar at elevane og foreldra får nok informasjon til å vurdere om eleven sine rettar er oppfylte, og korleis dei kan gå fram for å sikre desse.

**Foreldra har eit medansvar for å skape eit godt fellesskap mellom elevane.**

**Foreldra kan bidra gjennom å:**

- **helse på alle ein møter**
- **snakke positivt om andre barn og foreldre**
- **gjere ein innsats for å blir betre kjent med vaksne og barn på skulen**
- **følgje opp det som blir bestemt**
- **engasjere seg i å skape eit godt miljø**
- **vere oppteken av at alle er med**

# Korleis gripe inn?

Plikta til å gripe inn er ikkje det same som å setje inn tiltak. Å gripe inn skjer så raskt som mogleg for å stanse ei uønska handling.

Ofte vil det handle om å stanse negativ åtferd. Til dømes å bryte opp ein slåstkamp, stanse ei anna fysisk krenking, stanse ein utfrysingssituasjon eller irettesette elevar som krenker andre verbalt. Dersom elevar gjer noko straffbart i skuletida bør det meldast til politiet.

Plikta til å gripe inn vert avgrensa til kva som er mogeleg å gjere, både av omsyn til elevane og seg sjølv. Den tilsette skal ikkje stå i fare for å bli skada eller skade/ krenke elevar for å få stansa situasjonen.

Nødrett og nødverje kan unntaksvis gi grunnlag for å overskride denne grensa.



# Når og korleis varsle?



All mistanke om at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen skal varslast til rektor.

Det skal vere låg terskel for kva som skal til for at den tilsette skal ”få mistanke om” eller ”kjennskap til” at ein elev ikkje har eit godt og trygt skulemiljø.

Dersom ein elev seier i frå at han eller ho ikkje opplever å ha det trygt og godt på skulen, oppfyller dette kravet til at den tilsette har ”kjennskap”.

Mistanke om at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen kan basere seg på observasjonar av eleven, melding frå foreldre eller medelevar, aktivitet i sosiale medium osb.

Alle som arbeider på skulen har ei plikt til å handle og varsle rektor same dag dersom dei får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt.

Rektor har ansvar for å varsle skuleeigar i alvorlege tilfelle. Kva som er eit alvorleg tilfelle må vurderast i kvart enkelt tilfelle.

Grov digital mobbing eller truslar via sosiale medier skal varslast til skuleeigar. I tilfelle der vaksne krenker elevar, skal rektor straks varsle skuleeigar.


## Alle på skulen har plikt til å handle:

- bruk meldestkjema og varsle rektor same dag dersom dei får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt.

# Avdekke

Det skal vere låg terskel for å undersøke og avdekke krenkingar. Alle vaksne skal melde frå til rektor, dersom ein får mistanke om eller kjennskap til at ein elev opplever krenkande ord eller handlingar.

Barn og unge kan vegre seg for å seie sanninga og bagatellisere omfanget av ulike grunnar. Derfor skal den vaksne alltid undersøke saka sjølv.



# Korleis undersøke?

Ein del av handlingsplikta er plikta til å undersøke om ein elev har blitt utsett for krenkande ord eller handlingar, og få klargjort kva som faktisk har skjedd. Plikta til å undersøke ei sak vert utløyst av at ein tilsett har fått ”mistanke om ” eller ” kjennskap til” at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

Dersom ein elev seier at det ikkje vert opplevd som trygt og godt på skulen, skal skulen alltid snarast råd undersøke saka. Når skulen undersøker saka skal ein hente inn nok informasjon til å avdekke kva som har skjedd.

Undersøkinga skal ha som formål:

- å få fram fakta om ein situasjon
- bakgrunnen for eleven si oppleveling
- kva for tilhøve i eleven sine omgjevnadar som påverkar korleis dei opplever skulemiljøet

Dersom tilhøve utanfor skuletida og utanfor skulen sitt område påverkar eleven sin kvardag på skulen, kan undersøkinga også omfatte dette.

Nokre saker krev ikkje omfattande undersøking og ei samtale med eleven kan vere nok. Andre saker med t.d. fleire involverte, vil kunne krevje grundigare undersøkingar og observasjon.



## **1. Etter førespurnad frå foreldre:**

Dersom førespurnaden er motteken skriftleg frå foreldre skal dei bli kontakta per telefon så snart som råd. I samtalen skal ein opplyse om at det vil bli sett i gang undersøking og observasjon straks. Ein må avklare tid for møte og informere om kva innhaldet i møtet skal vere. Forklar at ein sjølv/kontaktlærar/ rektor vil snakke med eleven som ikkje opplever å ha eit trygt og godt skulemiljø før møtet. Informer om aktivitetsplikta, at de vil samarbeide om eventuelle tiltak og om retten til å klage.

OBS! Ein må vurdere om samtalen med foreldre til elev/elevar som det vert påstått å ha krenka, skal gjennomførast etter undersøkingsfasen, då dette kan ha påverknad på skulen sin observasjon.

## **2. Etter førespurnad frå ein medelev eller andre tilsette:**

Dersom ein tilsett får mistanke eller informasjon om at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal skulen varsle foreldra når det er gjort nærmare undersøking av saka. Kor raskt foreldra skal kontaktast, vil vere avhengig av kva saka gjeld.

## **3. Samtale med eleven:**

Ein skal ha samtale med eleven som føler seg krenka/ mobba. Denne samtalen bør skje med ein vaksen eleven føler seg trygg på. Alle elevar har rett til å bli høyrde og til å medverke i saka si. Skulen skal sørge for at alle involverte elevar blir høyrde.

### **OBS!**

Felles for alle saker,  
uavhengig av omfang,  
er å ha god kontakt med  
heimen.

#### **4. Observasjon:**

Ut i frå innhaldet i samtalene vert det sett i gong observasjon.

Formålet med observasjonen er å kartlegge kva som er realiteten i det ein har hørt, sett eller fått mistanke om.

Før observasjonen startar må den/ dei som skal observere bli einige om:

- kva som skal observerast
- kven ein skal fokusere på
- i kva for situasjonar ein skal observere
- når og korleis det skal dokumenterast

#### **5. Dokumentasjon :**

Ein skal skrive referat frå alle samtalar med elevar og foreldre.

Observasjonar og funn skal bli dokumentert og dannar grunnlag for dei tiltaka som blir sett inn.



# Tiltak og evaluering

Når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, må informasjonen frå undersøkinga bli brukt til å vurdere kva for tiltak skulen skal setje inn. Skulen skal setje inn tiltak som er eigna til å løyse eleven sine problem og sikre at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Tiltak skal også setjast inn overfor elevar som krenker.

Det kan ofte vere behov for setje inn fleire tiltak for å løyse problemet, og ein bør samarbeide med foreldra.

I nokre tilfelle vil eit eigna tiltak vere å involvere andre kommunale instansar som til dømes PPT, helesetenesta eller barnevernstenesta. Tiltaksplikta gjeld uavhengig av årsaka til at ein elev ikkje opplever å ha eit trygt og godt skulemiljø. Tilhøve på skuleveg eller hendingar på fritida kan derfor utløyse tiltak frå skulen si side.



# Klage på skudemiljøet

Fylkesmannen kan avvise ei klage dersom:

- ✓ Saka ikkje er tatt opp med rektor
- ✓ Skulen har hatt mindre enn ei veke på seg frå saka blei meldt
- ✓ Saka ikkje gjeld skudemiljøet

Dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skudemiljø, kan foreldra melde saka til Fylkesmannen etter at saka er blitt tatt opp med rektor.

Fylkesmannen vil ikkje prøve om eleven sin rett til eit trygt og godt skudemiljø er oppfylt, då det er eleven si eiga oppleving som vert lagt til grunn. Kjernen i saka blir om tiltaka skulen har sett i verk er eigna til å sikre at eleven får eit trygt og godt skudemiljø. Fylkesmannen vil greie ut og vurdere om skulen har oppfylt aktivitetsplikta:

- Kva skulen har gjort/ ikkje gjort for å sørge for at eleven får eit trygt og godt skudemiljø
- Skulen si oppfølging og evaluering av tiltaka

- Skulen sin plan for vidare arbeid. Skulen si plikt til å setje inn tiltak vil vare heilt til eleven har eit trygt og godt skudemiljø

Fylkesmannen vurderer faktagrunnlaget i saka opp mot kva som etter ei fagleg vurdering er rimeleg å forvente av skulen i den aktuelle saka. Dersom Fylkesmannen finn at aktivitetsplikta ikkje er oppfylt, kan han vedta kva skulen skal gjøre for å sørge for at eleven får eit trygt og godt skudemiljø. Det vert sett ein frist og Fylkesmannen følger opp saka. Fylkesmannen kan vedta reaksjonar etter skulen sitt ordensreglement, eller at ein elev skal bytte skule. Avgjerda til Fylkesmannen er eit enkeltvedtak som kan påklagast. Klageinstans er Udir (Utdanningsdirektoratet), skuleeigar har ikkje klagerett.

Elev - foreldre



Saksgang ved klage på skudemiljøet:



Udir



# Krenkinga har opphøyrt – kva no?

I følgje opplæringslova KAP. 9A skal elevar som har vore utsett for krenkingar eller mobbing bli følgt opp heilt til eleven har det bra og har eit godt skulemiljø. [Forsking viser at saker vert avslutta for tidleg.](#)

Krenkingar kan ha alvorlege og langvarige konsekvensar for offeret. Barn som blir utsett for krenkingar som mobbing, vald, diskriminering og trakassering kan utvikle ulike vanskar. Uansett om krenkingane har slutta, kan offeret slite med konsekvensane mange år etterpå.

Forsking viser at krenkingar påverkar barn si fysiske og psykiske helse.

Symptom hos barn som blir eller har blitt krenka:

- Klagar over vondt i magen
- Slit med angst og depresjon
- Søv därleg
- Føler seg trist
- Føler seg utestengd
- Har lite appetitt
- Kan utvikle eit negativt sjølvbilete
- Kan miste glede over aktivitetar som var kjekke tidlegare
- Kan oppleve stress og därleg konsentrasjon i timane
- Kan utvikle ein tendens til å isolere seg, unngå nye barn, folk eller nye aktivitetar


**Eit inkluderande læringsmiljø kan vere avgjerande for oppfølginga av dei som har blitt utsett for krenkingar.**

**For å hjelpe eleven må læraren:**


- strukturere eller leie samhandlinga mellom elevane
- ha oversikt over den sosiale strukturen i klassen
- gruppere elevane på ein måte som gjer at eleven som har blitt utsett for krenkingar kan få støtte frå prososiale elevar
- ha jamlege samtalar med elev som har vore utsett for krenkingar



# Tiltak etter at krenkinga har opphøyrt



## Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt miljø—§ 9A



**Støtte**

Ressursbank:

Eleven sin rett til medverknad

Korleis følgje med?

[www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/beredskap-og-krisehandtering/](http://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/beredskap-og-krisehandtering/)

**Referansar:**

[Å ivareta barn og unge som har blitt utsatt for mobbing](#), Læringsmiljøsenteret Stavanger

[Innblikk](#), Læringsmiljøsenteret Stavanger

[Mobbing og mistriksel – hva skal skolen gjøre?](#) Utdanningsdirektoratet

[Skolemiljø](#), Utdanningsdirektoratet

[Trygt skolemiljø](#), Bærum kommune

[Plan for et trygt og godt skolemiljø i Askøy-skolen](#), Askøy kommune

[Opplæringslova](#)